



Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur AS
Pb. 291
5203 OS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2011/095394-026

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.09.2014

Vedrørende vegteikningar til reguleringsplan - gnr. 10 bnr. 85 m.fl. - Holme - Meland kommune

Vi viser til e-post med vedlegg sendt 12.08.2014.

Vegløysingane som ligg i plankartet kan ikkje gjennomførast med dei breidder og hjørneavrundingar som er lagt til grunn.

Gang- og sykkelveg skal vere minst 3 meter brei. Krav til sikt mellom kryssande gang- og sykkelveg (figur 4.27 i V122 *Sykkelhåndboka*) og krav til minste horisontalkurveradius på gang- og sykkelveg kan ikkje ivaretakast med bakgrunn i planframlegget. Slik gang- og sykkelvegen er vist i tilknytning til undergangen vil drift og vedlikehald bli vanskeleg, og anlegget vil ikkje oppfylle krav til universell utforming.

Teikning F001 og F002

Busslomma er for smal. Den skal vere 2,75 + 0,25 m brei.

Fortausbreidde 2,5 meter er etter vår vurdering for smalt for å ivareta funksjonen til fortauet her. Breidda bør vere 3 meter.

Rekkverksrommet for køyresterkt rekkverk er 0,75 meter. Det må visast eige område for det i bakkant av fortauet langs køyrevegen.

Det bør også utarbeidast ei F-teikning som viser snitt gjennom fylkesvegen der undergangen er planlagt.

Plankart

Det bør innarbeidast høgdepåskrift i veg og frisisiktsoner knytt til fortau og gang- og sykkelveg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Byggeteikningar for undergang

Vi ber ikkje om K-teikningar knytt til undergangen no, men vi vil gjere merksam på at slike teikningar skal godkjennast av Vegdirektoratet. Det må reknast med 6-8 veker sakshandsamingstid hos Vegdirektoratet i slike saker i samband med handsaming av byggeplan for veganlegg.

Vi gjer særleg merksam på at undergangar på gang- og sykkelveggar skal ha fri høgde på minst 3,1 meter og at avstanden mellom veggane skal vere minst 4 meter.

Faseplanar

På dette tidspunktet i planlegginga er det sentrale at det vert sikra nok areal i samband med bygging av veganlegget. Vi har ikkje gått inn i detaljar i desse planane no. Det er avklaringar som vert gjort i samband med byggeplan.

Dersom de har spørsmål knytt til vurderingane i dette brevet, kan de kontakte Marian Dagfrid Barsnes tlf 55 51 64 57, marian.dagfrid.barsnes@vegvesen.no.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Meland kommune (e-post)